

Møtereferat

Delprosjekt: A9 - VAR

Møtestad: Møterom nord, 7.etg Ålesund rådhus

Dato: 19.12.2017

Tid: 09-12.15

Møteleiar: Kim A. Breivik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Frode Helland	Skodje
Bjørn Skulstad	Ålesund
David Chris Mertsching	Ålesund (TV)
Kim A. Breivik	Sandøy
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog

Saksliste:


Gjennomgang av prosjektplan, kartlegginga og oppstart av arbeid med framlegg til organisering av tenesta.

Referat og konklusjonar:

- Gjennomgang av referat frå sist, endring av tenesteområda, A9 hamnar etter det vi ser i T3. Arbeidsgruppene bør korrespondere med framtidig organisering for å kunne dra ut nødvendige synergjar av prosjektarbeidet.
- I statusrapporten til koordinator av 15.12.17 er det eitt avvik mellom vårt mandat og A10 vedr. mandat til å foreslå organisering. Kim tek det tek det opp med prosjektleiinga.
- Organisering.

Vi brukte resten av møte til å diskutere korleis vi skal finne vårt forslag til en organisasjon som fungerer. Nedanfor er det sett opp stikkord for korleis vi skal arbeide vidare med organisering.


- A9 må definere behov for kva teneste som trengs i den nye kommunen for å løyse oppgåvene.
- Når vi er ferdige med kartlegginga organiserer vi ein workshop der vi kan få inn bistand til prosessleiing frå andre deler av prosjektorganisasjonen.



Nye Ålesund kommune


Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

- VAR-tenestene i Nye Ålesund treng å finne avklaring om korleis vi skal samhandle med det framtidige politisk nivået, for å sikre at det ikkje vert for monge ledd og lang avstand til beslutningstakarane.
- For driftspersonellet vårt er det avgjerande at vi kjem med ei snarleg avklaring om korleis vi ser for oss at tenestene skal driftast for å unngå usikkerheit og at vi mister nøkkelpersonell på vegen fram til ny kommune.
- Ut frå dei relativt store avstandane i den nye kommunen der ein etter Nordøyvegen er fullført vil bruke 70-80 min frå Ålesund til Steinshamn, er det naudsynt å planlegge for fleire driftseiningar. I denne vurderinga må ein sjå på oppmøtestad, leiing, kontor- og lagerfasilitetane vi har i dag. Det vil ikkje vere samfunnsøkonomisk forsvarlig å måtte køyre 4-5 mil for å gjere ein jobb. Det kan difor vere rasjonelt at vi tenker ei tre-deling av driftsorganisasjonen. Ålesund sitt hovudlager i Borgundfjordvegen er naturleg hovudbase for tenestene, ut frå geografien kan ein base på Steinshamn som har arbeidsfelt frå Ona til Lepsøya vere fornuftig, og at vi har ein midtre driftsområde med base på Vatne. Dette er illustrert på kartutsnittet nedanfor.
- Oppdrag i Ålesund er proporsjonalt med infrastruktur. Vi må sikre at kontor- og lagerfasilitetane er praktisk og hensiktsmessig for den framtidige driftsorganisasjonen. Vi må sjå vekk frå dagens kommunegrenser. For å danne oss eitt bilde om kva vi har i dei fem kommunane, legg vi opp møta på vår 2018 slik at vi brukar ein liten del av møtetida til befarung av dei ulike kommunanes fasilitetar.



Nye Ålesund kommune


Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund



-Er det kommunar som er samanliknbare ut frå storleik, geografi og kompleksitet som vi kan sjå til når vi skal finne vår organisering? Det kan vere Tromsø, Kristiansand, Arendal og evt. HIAS.

- I småkommunene er det stillingar som i dag ikkje arbeider berre innafor sjølvkostområda. Den nye organiseringa må ta omsyn til dette, og om det er hensiktsmessig å reindyrke fagstillingar eller behalde nokre av dagens arbeidsfelt som *multikunstnarar*. Til denne vurderinga må omsynet til service overfor brukarane internt og eksternt vege tungt.

- Vi må foreslå ei organisering som gir oss muligheit til å vere profesjonelle, og vi er svært avhengige av å få inn ei leiging av tenesta som ser behovet for og viktigheten av å vere profesjonell og framoverlent.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

- Vi ser i dag store synergieffektar av tett samarbeid med vegavdelinga, der vi kan vinne mykje med eitt tett samarbeid.

- Vi må arbeide med å finne svar på kva som skjer frå 2020 når en ny organisasjon skal ta over drifta og dagens tilsette rundt om i dei fem kommunane med stor lokalkunnskap kanskje er borte. Med dårlig dokumentasjon og lite kart er det ekstremt viktig med lokalkunnskap. Eitt svar på dette er å ha gode og ajourførte leidningskart, arkiv og dokumentasjon. Eitt anna svar på dette kan vere at ein ved nye tilsettingar i 2018-2019 gjer dette i ny organisasjon som kan serve både gammal og ny kommune og får overlapping med de som skal gå av med pensjon osv. Det vil gi store synergjar med å kunne tilsette på tvers av dagens kommunar i dag, og få ut overlapp i gammal kommune og bygging av den nye ny kommunens fagmiljø. Det er eitt kjenneteikn at dagens organisasjonar har nok med dei oppgåvene som skal løysast dei neste åra, og dermed kan ha lite kapasitet til å arbeide med dei langsiktige og overordna løysingane.

- Det er innafor vårt fagfelt store muligheiter i BIM og nye teknologiar, slik vi også har teke opp i vårt mandat. Ei løysing på dette kan vere å organisere ei eiga undergruppe som har som mål å finne framtidens løysingar i tett samarbeid med delprosjekt for IT, sett opp mot måla våre i mandat og intensjonsavtale.

- For å skaffe oversikt over kva oppgåver som ligg til tenesta må vi samanstille dei fem kommunanes drifts og investeringsbudsjett, avtaler med Rådmann etc. som ein del av kunnskapsgrunnlaget vårt. Stillingsbeskrivingar, drift og vedlikehaldsplan må ta utgangspunkt i dette kunnskapsgrunnlaget.

- I vår ROS-analyse må vi snarleg finne svar på kva som skjer om vi i delprosjektet ikkje klarer å levere det vi skal, og kva konsekvensar det får både tenestemessig og økonomisk. Vi brukar og forvaltar svært store verdiar, og tenesta er kritisk viktig både mhp levering av næringsmiddel og beredskap.

- Den nye kommunen må ha kompetanse, tenester og beredskap på spesialområde som lekkasjesøk, trykkprøving osv.


Oppsummering i slutten av møtet:

- Vi må bruke den næraste tida til å definere våre oppgåver

- Vi skal ha ein dag med workshop der vi går gjennom og presenterer kvar kommune, og kva oppgåver som ligg der.

- Vi må ta høgde for at vi skal arbeide både ovanfrå med å bygge leiing i den nye kommunen i tett dialog med prosjektleiinga og nedanfrå der vi startar med å lage kunnskapsgrunnlaget ut frå kartlegging og kva oppgåver vi har, og kan få.

- Vi må få ut informasjon til våre tilsette om prosessen. Dette kan gjerast med personalmøter det kommunikasjonsdelprosjektet vert involvert. Det hastar med å skape tryggleik for arbeidsplassane slik at våre tilsette føler seg trygge. Det er utvilsamt at våre fagfolk er ettertrakta arbeidskraft som innehar mykje kompetanse som den nye kommunen treng.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Neste møte på Skodje 19. januar 8.30-12.30. Då legg vi opp til synfaring på kommunens anlegg, og arbeider med organisering og ROS-Analyse. Frode bestiller mat og møterom.

P.S.

Vi har på spørsmål om bruk av sjølvkostmidlar til prosjektarbeidet fått svar som er gjengitt nedanfor. Dette har stor betydning for vårt vidare arbeid med prosjektet, sett opp mot våre behov for interne og eksterne ressursar. Korleis dette skal løysast i forhold til politiske vedtak om avsetning av midlar til slik bruk vil vi måtte ta opp med prosjektleiinga tidleg i 2018.

«Angående svar på ditt spørsmål om arbeid med kommunereformen som berører VA kan finansieres med gebyrinntekter, og således føres som kostnad i kommunenes respektive for- og etterkalkyler.

For at planleggingskostnader skal kunne finansieres gjennom selvkost må de kategoriseres som en «nødvendig kostnad» for vann- og avløpssektoren.

Strategiske oppgaver og overordnet planlegging er ikke en del av vann- og avløpssektoren, og dermed ikke en nødvendig kostnad. For øvrig vil vann- og avløpssektorens bidrag til slikt arbeid være en nødvendig kostnad.


I dette tilfellet vil derfor den delen av planleggingen som er direkte knyttet til vann og avløp kunne inngå som en del av selvkostgrunnlaget. Generelt er planlegging definert som en nødvendig kostnad i forbindelse med (store) investeringsprosjekter.

Dette inkluderer også eventuelle kostnader relatert til kommunereformer.

Det er viktig at prosjektet deles inn på en hensiktsmessig måte slik at utgifter knyttet til myndighetsutøvelse, arbeid med kommunens planer og eventuelle samferdselstiltak blir adskilt fra de konkrete vann- og avløpsaktivitetene. Eksempelvis viser Norsk Vann til at kostnader knyttet til planlegging, drift eller skjøtsel av parkanlegg, vassdrag, veianlegg, gang- og sykkelveier ikke kan gebyrfinansieres.

Videre vil det være avgjørende å definere en fordelingsnøkkel som beskriver de respektive kommuners nødvendige bidrag til reformarbeidet. En slik nøkkel kan gjerne baseres på antall abonnenter per kommune, sett i forhold til totalt antall abonnenter i den nye kommunen. Dette er viktig for å unngå kryss-subsidiering før sammenslåingen, slik at hver enkelt kommune kun bidrar med sin forholdsmessige andel ressurser.

Oppsummering:



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Planlegging av VA infrastruktur i den nye kommunen kan inngå i selvkostgrunnlaget for vann og avløp for de respektive kommuner i tiden frem mot sammenslåingen. Det kreves at man gjør en fordeling av kostnadene slik at det bare er de nødvendige kostnadene som er inkludert i grunnlaget. Her er det spesielt viktig å fordele kostnader kommunene i mellom, samt skille mellom overordnet planlegging og relevante VA- relaterte prosjekter.»

Harøy 21.12.2017

Kim A. Breivik

Ref.